



Permisjonsreglement

Kapittel 1	Generelle reglar	1
Kapittel 2	Utdanningspermisjon	2
Kapittel 3	Permisjonar ved sjukdom, svangerskap og fødsel, amming, adopsjon, omsorg m.m.	4
Kapittel 4	Velferdspermisjonar	5
Kapittel 5	Permisjon for utføring av tillitsverv	7
Kapittel 6	Ymse permisjonsreglar	8

Kapittel 1 Generelle reglar

§ 1 Verkeområde

Reglementet gjeld for alle tilsette i fylkeskommunen som går inn under fylkeskommunale løns- og arbeids-vilkår, dvs også mellombels tilsette.

For deltidstilsette vert løna permisjon gjeve i høve til stillingsstorleiken.

Reglementet gjeld ikkje dersom det strir mot lov, tariffavtale eller andre reglar som er bindande for fylkeskommunen.

§ 2 Avgjerdsmynde

Mynde til å gi permisjon er delegert til fylkesrådmannen, som kan vidaredelegere slik mynde. Kven som har slik mynde står i dokumentet "[Oversikt over avgjerdsmynde ved permisjonssøknader](#)".

Kontrollutvalet avgjer permisjonssøknader frå tilsette ved sekretariatet. Kontrollutvalet kan vidaredelegere mynde til sekretariatsleiar.

Ved handsaming av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal vi ta turvande omsyn til budsjetttrammer, personellsituasjonen og driftsomsyn. Det skal gjerast ei konkret vurdering om permisjonen er til fordel eller ulempe for driftsmålssetjinga og personellsituasjonen.

§ 3 Unntak frå reglementet m.m.

Fylkesrådmannen kan i spesielle tilfelle gjere unntak frå reglementet, for å gi permisjon i andre høve enn dei som er omtala.

Fylkesrådmannen avgjer spørsmål om tolking av reglementet. Det ligg til fylkesrådmannen å trekkje opp retningslinjer for praktiseringa av reglementet. Ein fylkeshovudtillitsvald kan krevje at fylkesrådmannen si tolking av reglementet vert drøfta i hovudsamarbeidsutvalet.

Fylkesrådmannen kan gjera naudsynte rettingar i reglementet på bakgrunn av endra lover eller vedtekne tariffavtalar, slik at reglementet vert tilpassa desse.



§ 4 Lønsansiennitet

Etter [hovudtariffavtalen](#) § 12.1 vert følgjande permisjonar godskrive i lønsansienniteten:

- a) Verneplikt (militærtjeneste, sivilforsvarsteneste, polititjeneste og sivilteneste).
- b) For å utføre offentlege ombod/verv og ved oppdrag i arbeidstakarorganisasjon.
- c) Omsorgsteneste (omsorg for barn eller pleie av eldre eller sjuke): Inntil 3 år.
- d) Nedkomst og adopsjon: Inntil 2 år.
- e) Etter- og vidareutdanning, når utdanninga har noko å seie for vedkomande sitt arbeid i fylkeskommunen: Inntil 3 år.

§ 5 Feriepengar

Ved løna permisjon vert løna rekna med i feriepengegrunnlaget.

Kommentar

Grunnlaget for utrekning av feriepengar går fram av [ferielova kapittel III, § 10 punkt 1](#).

§ 6 Pensjonsmedlemskap

Permisjon med løn får ingen innverknad på pensjonsmedlemskapen.

Ved permisjon utan løn lenger enn 1 månad skal arbeidstakaren meldast ut av pensjonsordninga, og KLP vil då gi tilbod om frivillig medlemskap.

[Til toppen](#)

Kapittel 2 Utdanningspermisjon

§ 7 Etter- /vidareutdanning og hospitering m.m.

Rett til utdanningspermisjon er regulert i arbeidsmiljølova [§ 12-11](#), jf. også [hovudavtalen](#) del B, § 7-1.

Arbeidstakar som har vore i arbeidslivet i minst tre år, og som har vore tilsett i fylkeskommunen dei siste to åra, kan søkje om heiltids- eller deltidspolisjon i inntil tre år for å delta i organisert yrkesrelatert utdanningstilbod, dvs arbeidsmarknadsrelevant etter- og vidareutdanning, med mindre særlege grunnar er til hinder for det.

Dersom arbeidstakar blir pålagt å gjennomføre kompetansehevingstiltak, skal vedkomande få permisjon med løn og dekt legitimerede utgifter til semester-/ kursavgift og reise/oppald.

Ved andre permisjonssøknader om kompetanseheving, kan søkjar få permisjon med full eller delvis løn etter ei konkret vurdering. Andre eventuelle utlegg kan kompenseras heilt eller delvis.

Arbeids-gjevar føreset at reise og oppald vert utført på rimelegaste måte.

For arbeidstakar som får hospiteringsmidlar, vert søknad om permisjon å handsame etter denne paragrafen.

§ 8 Tillitsvaldopplæring

Søknad om permisjon for å delta på opplæring for tillitsvalde vert avgjort etter reglane i [hovudavtalen](#) del B, § 3-6.

§ 9 Kurs/utdanning på fritida

Arbeidstakar kan få heil eller delvis refusjon av semester-/kursavgifta for etter- eller vidareutdanning i fritida. Ein føresetnad er at kurset er av verdi i arbeidet. Før kursavgifta vert refundert må det dokumenteras at kurset er gjennomført.

Kommentar

Arbeidsgjevar har høve til å gi arbeidstakar forskot på løn, under føresetnad av at det vert underteikna ei erklæring på at forskotet kan trekkjast inn att gjennom månadsløna dersom etter-/vidareutdanninga ikkje er fullført eller avslutta.

§ 10 Dekking av utgifter til barnetilsyn m.m.

Arbeidstakar med omsorgsansvar for barn under 12 år, eldre eller uføre kan, ved deltaking på kurs som er relevante for fylkeskommunen, få heil eller delvis dekking av legitimerede utgifter til nødvendig tilsyn. Som rettleiande sats skal arbeidsgjevar til ei kvar tid nytte gjeldande toppløn i stillingsregulativet si minsteløn for gruppa "stillingar utan særskilt krav om utdanning".

Aldersgrensa på 12 år gjeld ikkje dersom barnet er funksjonshemma.

Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra arbeidstakaren i å delta på kurset, og at ein elles nyttar mest mogeleg rimeleg tilsynsordning.

Ordninga er avgrensa til 7 døgn per år, per arbeidstakar.

§ 11 Eksamen/fagprøve/prosjektoppgåve o.l.

Søknad om permisjon i samband med eksamen (inklusive heimeeksamen)/fagprøve/prosjektoppgåve o.l., vert handsama etter reglane i [hovudtariffavtalen](#) §14.4. Dersom utdanninga er avtala med leiinga, og er ein del av kompetansebehovet til eininga, kan det ved heimeeksamen gjevast fri med løn utover reglane i [hovudtariffavtalen](#) §14.4.

§ 12 Særlege tiltak

Ved handsaming av søknader om permisjon og utgiftsdekking i samband med kurs/utdanning/ hospitering, skal det leggjast særleg vekt på å i møtekomme søknader frå leiarar og frå kvinnelege arbeidstakarar, der dette kan utvikle søkjaren mot stillingar der kvinner er dårleg representerte (mindre enn 40%).

§ 13 Erstatning for fridag som vert brukt til kurs

For deltidstilsette som brukar fridag til å delta på kurs gjeld følgjande ordning:

- a) Pålagde kurs – kvar fridag skal erstattast med ny fridag.
- b) Frivillige kurs – fridagane vert ikkje erstatta.

Unntak:

Dersom kurset har vesentleg verdi for vedkomande sitt arbeid eller vil vere i samsvar med intensjonane i § 12 i dette reglementet, kan deltidstilsette få erstatta kursdagar som fell på fridag.

Føresetnaden for å få erstatta fridag som er nytta til frivillig kurs, er at arbeidstakaren søkjer om slik erstatning før vedkomande deltek på kurset.

§ 14 Bindingstid

Når det vert gjeve permisjon med løn og/eller dekking av utgifter i samband med utdanning, skal det stillast krav om bindingstid (plikttjeneste) i fylkeskommunen dersom ytingane tilsvarar minst kr 50.000,-.

Den tilsette må gje ei skriftleg [erklæring om avteninga av bindingstida](#). Av erklæringa må det gå fram kor langbindingstida skal vera og i kva høve ytingane skal betalast attende heilt eller delvis.

Bindingstida skal vere minst 1 år og maksimalt 2 år.

Bindingstida skal avtenast så snart utdanninga er avslutta, dersom ikkje anna er avtala mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar. Dersom arbeidstakaren ikkje fullfører utdanninga, eller sluttar i fylkeskommunen før utdanninga er fullført, skal den økonomiske ytinga betalast attende. Dette gjeld likevel ikkje når årsaka er sjukdom eller tungtvegande sosiale grunnar.

Dersom arbeidstakaren sluttar i fylkeskommunen før bindingstida er ute, skal den økonomiske ytinga betalast attende høvesvis, jf. eigne reglar.

[Til toppen](#)

Kapittel 3 Permisjonar ved sjukdom, svangerskap og fødsel, amming, adopsjon, omsorg m.m.

§ 15 Permisjonar regulert i tariffavtale og lover

Eigen sjukdom

[Hovudtariffavtalen](#) § 8.2 og folketrygdlova [kapittel 8](#).

Barn og barnepassar sin sjukdom

[Hovudtariffavtalen](#) § 8.4, arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 9](#).

Pleie av pårørende sin sjukdom

Arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 9](#).

Svangerskap, fødsel og adopsjon

[Hovudtariffavtalen](#) § 8.3, arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 14](#).

Faren sin omsorgspermisjon

[Hovudtariffavtalen](#) § 8.3.8, arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 14](#).

Delvis permisjon

Arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 14](#).

Amming

[Hovudtariffavtalen](#) § 8.3.4 og arbeidsmiljølova [kapittel 12](#).

Adopsjon

Arbeidsmiljølova [kapittel 12](#) og folketrygdlova [kapittel 14](#).

Fosterbarn

Arbeidsmiljølova [kapittel 12](#).

Militærteneste

[Hovudtariffavtalen](#) § 9.

Kommentar

Arbeidstakar har rett til å få permisjon i situasjonar nemnde ovafor. Arbeidstakar skal ikkje skrive eigen søknad, men gi administrativ leiar skriftleg melding i god tid på skjema [Varsel om fråvær med løn](#). Administrativ leiar skal kontrollere at vilkåra for permisjon er oppfylte.

For å amme barn gjeld fri med løn i inntil 2 timar (inkl. reisetid) per arbeidsdag. Fri med løn til amming utover ni månader etter fødsel krev stadfesting frå lege eller helsestasjon om at amming faktisk føregår. Deltidstilsette med redusert arbeidsdag får høvesvis løna fritid til amming, men likevel minst ein time per dag (inkl. reisetid).

Ved eigen sjukdom eller ved barn og barnepassar sin sjukdom skal du nytte [Skjema for eigenmelding](#).

§ 16 Sjukepermisjon utover 1 år

1. Arbeidstakar som har vore sjukmeld samanhengande i 1 år, og som framleis ønskjer å behalde stillinga, må søkje om sjukepermisjon. Han har då ikkje lenger oppseiingsvern etter arbeidsmiljølova § 15-8. Fråsegn frå lege skal vere vedlagt søknaden. Slik permisjon vert gjeve utan løn.
2. Sjukepermisjonen kan i første omgang gjevast for inntil 1 år. Etter ny søknad kan permisjon gjevast for ytterlegare 1 år dersom det etter legen si vurdering er sannsynleg at vedkomande kan bli friskmeld innan denne tida. I spesielle tilfelle og når viktige omsyn tilseier det, kan det ut frå ei konkret vurdering gjevast slik utvida permisjon sjølv om det etter legen si vurdering er lite sannsynleg at vedkomande vil bli friskmeld.

Om arbeidstakaren er under attføring, så skal vedkomande gjevast permisjon så lenge attføringsplanen gjeld, sjølv om dette overstig 3 år frå vedkomande blei sjukmeld.

3. Dersom søknad om sjukepermisjon vert avslegen, består arbeidsforholdet likevel inntil det vert avslutta ved oppseiing av ein av partane. Dette bør det takast omsyn til ved handsaminga av søknaden.

[Til toppen](#)

Kapittel 4 Velferdspermisjonar

§ 17 Ymse velferdsføremål

Når viktige velferdsgrunnar ligg føre, kan arbeidstakar få velferdspermisjon med full løn i inntil 12 arbeidsdagar per kalenderår. Dersom arbeidstakaren sjølv ønskjer det, når det praktisk let seg gjennomføre og tenesta tillet det, kan einingsleiar samtykkje i fleksibel uttak av permisjonsdagane, som til dømes inntil 24 arbeidsdagar med halv løn per kalenderår.

Vilkåret for å få slik permisjon er at det ligg føre viktige velferdsgrunnar. Den einskilde einingsleiar må sjølv vurdere om det er grunnlag for å gi velferdspermisjon med løn. I avgjerda bør einingsleiar ta omsyn både til dei opplyste permisjonsgrunnane og arbeidstakarane sine individuelle behov for slik permisjon.

Det kan berre gjevast velferdspermisjon med full løn til den einskilde permisjonskategori i samsvar med tal dagar som er fastsett under dei respektive punkta. Til dømes kan det ved alvorleg sjukdom i næraste familie / pleie av sjuke foreldre, gjevast permisjon i inntil 7 dagar utover dei rettane arbeidstakaren eventuelt har i medhald av lover og avtaleverk.

Har ein arbeidstakar trong for permisjon utover dei 7 dagane, er regelen at slik permisjon skal gjevast utan løn.

Velferdspermisjon utover den einskilde permisjonskategori, eller samla utover 12 dagar, kan gjevast som permisjon utan løn, eller at det vert lagt til rette for avvikling av ferie.

Velferds- og omsorgspermisjon med full løn kan gjevast til dei føremåla som er nemnde i punkta A-J nedanfor og erstattar eller kjem i tillegg til permisjonsrettar i lovverket og [hovudtariffavtalen](#).

A. Alvorleg sjukdom i næraste familie/pleie av sjuke foreldre: Totalt inntil 7 dagar eller 14 dagar med halv løn

Kommentar

Permisjon med løn etter punkt A kan bli innvilga når sjukdomen er akutt, livstruande eller er i terminalfasen. Næraste familie vil vere ektefelle, sambuar, barn, barnebarn, foreldre, besteforeldre og sysken. Permisjon kan også bli gitt i høve til andre som står arbeidstakaren særleg nær t.d. svigerforeldre, kollegaer o.l.

B. Dødsfall, gravferd: Inntil 3 dagar, eller inntil 6 dagar med halv løn

I tillegg kjem eventuelt nødvendige reisedagar.

Kommentar

Gjeld ektefelle, sambuar, barn, barnebarn, foreldre, besteforeldre og sysken. Andre som står arbeidstakaren særleg nær, kan t.d. vere svigerforeldre, arbeidskollegaer o.l.

C. Barnehage/første skuledag/skulefritidsordning

1. Tilvenjing av barn i barnehage: **Inntil 2 dagar eller 4 dagar med halv løn.**
2. Følgje med barnet første skuledagen: **1 dag eller 2 dagar med halv løn.**
3. Følgje med barnet til skulefritidsordninga første dagen: **1 dag eller 2 dagar med halv løn.**

Kommentar

Punkt 3 kjem i tillegg til punkt 2, med mindre punkt 3 fell saman med punkt 2.

Etter punkt C kan arbeidstakar få permisjon i inntil 4/8 dagar per barn.

Ektepar/sambuar, som begge er arbeidstakarar i fylkeskommunen, har likevel berre rett til permisjon inntil 4/8 dagar per barn til saman.

D. Dåp/namnefest eller konfirmasjon av eige barn: 1 dag

(gjeld dåpsdagen/konfirmasjonsdagen)

E. Eige bryllaup: 1 dag

(gjeld bryllaupsdagen)

F. Husbygging/istandsetjing av eige husvære: 1 dag eller 2 dagar med halv løn

G. Flytting eller skifte av bustad/husvære: 1 dag eller 2 dagar med halv løn

H. Idrettsarrangement

1. Deltaking i internasjonale idrettsarrangement, landskamp og tilsvarande: **Inntil 5 dagar.**
2. Deltaking i finale i NM: **Inntil 2 dagar.**

Kommentar

Dersom arbeidstakaren får dekka tapt arbeidsforteneste, skal permisjonen gjevast utan løn.

I. Feiring av religiøse og nasjonale høgtidsdagar: Inntil 2 dagar

Kommentar

Gjeld ikkje offisielle religiøse og nasjonale høgtidsdagar etter norsk kalender.

J. Andre tvingande velferdsgrunnar: Inntil 3 dagar eller inntil 6 dagar med halv løn

Kommentar

Gjeld i heilt spesielle tilfelle, t.d. for åleineforeldre som har problem med å opparbeide seg fleksitid.

§ 18 Besøk hjå lege, tannlege, fysioterapeut o.l.

Vanleg undersøking og behandling hjå lege, tannlege, fysioterapeut og tilsvarande, skal så langt det er råd leggjast til fritida. Når det er godtgjort at dette ikkje er mogeleg, kan det i kvart einskild tilfelle gjevast permisjon med løn. Ved langvarig behandling som medfører mykje fråvær, bør arbeidstakar syte for sjukmelding.

§ 19 Barn i grunnskulen

Foreldre som har barn i 1. - 4. klasse i grunnskulen kan få permisjon utan løn i inntil 1 år når tenestetilhøva tillet det. Permisjonen skal avviklast samanhengande.

Kapittel 5 Permisjon for utføring av tillitsverv

§ 20 Offentlege tillitsverv

Med offentlege tillitsverv er meint ombod som er oppretta ved lov eller med heimel i lov, og som ein ikkje kan nekte å ta i mot med mindre det ligg føre særlege fritaksgrunnar (t.d. medlem av kommunale og fylkeskom-munale politiske organ, rettsvitne, domsmann, lagrettemann m.m.).

1. For å utføre offentlege tillitsverv som ikkje går inn under punkt 2, vert det gjeve permisjon med løn i inntil 10 dagar per år. Fråvær på under ein dag kan reknast saman til heile dagar. Føresetnaden for permisjon er at tillitsvervet ikkje kan utførast utanom arbeidstida. Permisjon utover 10 dagar vert gjeve utan løn.

For fylkespolitikarar som er tilsett i fylkeskommunen gjeld ikkje grensa på 10 dagar. Unntak gjeld likevel for fylkesutvalmedlemer og leiarar for hovudutvala og kontrollutvalet. Desse skal trekkjast i løn når dei har brukt 10 dagar på desse verva.

2. Arbeidstakar som vert vald til stortingsrepresentant, ordførar eller anna offentleg tillitsverv på heiltid, får permisjon utan løn for valperioden. For offentleg tillitsvald på deltid vert det gjeve permisjon med høvesvis redusert løn.

§ 21 Politisk arbeid - nominasjonsmøte

Vald utsending til nominasjonsmøte ved stortings-, fylkestings- eller kommuneval vert gjeve permisjon med løn.

§ 22 Permisjonsrettar etter hovudavtalen

Permisjonar til tillitsvalde i arbeidstakarorganisasjonar (plasstillitsvalde, hovudtillitsvalde, verne-ombod, hovudverneombod og medlemer av partsamansette valde organ og deltaking i vedtaksfesta organ) er regulert i [hovudavtalen](#) del B, § 3-6 "Rett til permisjon" og i særavtalar mellom fylkeskommunen og arbeidstakarorganisasjonane.

Kommentar

Undervisningspersonale opprettheld dei permisjonsrettar dei har etter §§ 33 og 34 i [staten sin hovudavtale](#), i ein overgangsperiode fram til 31.12.2009.

§ 23 Fastløna tillitsvald/funksjonær i arbeidstakarorganisasjon

Arbeidstakar som vert vald av organisasjonen sin til fastløna tillitsverv får permisjon utan løn, jf. [hovudavtalen](#) § 3-5. Tilsetjing som funksjonær i arbeidstakarorganisasjon går inn under regelen § 24 i dette reglementet.

[Til toppen](#)

Kapittel 6 Ymse permisjonsreglar

§ 24 Overgang til ny stilling

Føremålet med regelen er å gje tilsette høve til permisjon for å lære og utvikle seg vidare i ein annan organisasjon, i eit avgrensa tidsrom, dersom tenestetilhøva ligg til rette for det.

A) Ny stilling utanfor fylkeskommunen

Permisjon utan løn for inntil 1 år vert gjeve når eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

1. Når søkjaren har vore tilsett i fylkeskommunen i minst 5 år: Permisjon vert gjeve dersom permisjonen ikkje vil medføre vesentlege ulemper for verksemda, og den vil gje søkjaren fagleg utvikling av vesentleg betydning for vedkomande sitt arbeid i fylkeskommunen.
2. Når søkjaren har vore tilsett i fylkeskommunen i meir enn 10 år.
3. Når det ligg føre tungtvegande helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar som tilseier at søkjaren bør skifte arbeid for ei tid.

B) Ny stilling innan fylkeskommunen

Dersom søkjaren har vore tilsett i noverande stilling i over 10 år, skal det gjevast permisjon utan løn for inntil 2 år.

Permisjon skal gjevast til søkjar som har vore tilsett i noverande stilling i over 5 år, dersom permisjonen ikkje medfører vesentleg ulempe for den løpande drifta. Permisjon er avgrensa til 1 år, med høve til forlenging ytterlegare 1 år i heilt spesielle tilfelle dersom det ikkje medfører problem for drifta.

§ 25 Spesielle oppdrag, forskning

Det kan gjevast permisjon utan løn for inntil 2 år til arbeidstakar som skal gjere teneste (praksis) som domar-fullmektig. Føresetnaden er at slik praksis er av vesentleg verdi for fylkeskommunen og vil styrke den juridiske kompetansen i fylkeskommunen.

Arbeidstakar kan gjevast permisjon utan løn i inntil 2 år for å arbeide med forskning innan fagområdet sitt. Det er ein føresetnad at forskinga skjer i tilknytning til ein forskingsinstitusjon. Dersom forskinga er av særleg interesse for fylkeskommunen kan det gjevast permisjon med full eller delvis løn.

§ 26 Internasjonalt arbeid

Arbeidstakar som skal arbeide i norsk utviklingshjelp i utviklingsland kan få permisjon utan løn i inntil 2 år. Ektemake eller sambuar til nokon som skal utføre slik teneste kan få tilsvarande permisjon. Det bør normalt stillast krav om 2 års tenestetid i fylkeskommunen for å få slik permisjon.

§ 27 Deltaking i hjelpekorps

Arbeidstakar som er knytt til hjelpekorps får permisjon med løn i samband med utrykking i redningsaksjonar.

[Til toppen](#)